

Myklebust-gard til sals.

26.02.2019



Myklebust-garden ligg særst fint og solrikt til. Reiskapshuset med leilighet til høgje og hovudhuset i bakgrunnen.

Olav Hjetland Bringedal og Ragnhild Bjørke har flytta til Voss der dei har overtatt og driv farsgarden hennar. Dermed er no garden dei har drive på Myklebust dei seinare åra, lagt ut for sal. Prisen er på rundt 7 mill., og i tillegg til gardsarealet er det også ein betydeleg bygningsmasse.



Særdeles flott og moderne driftsbygning vart teken i bruk for få år sidan.

Landbrukseigedommen er totalt 48,5 daa dyrka mark, 31 daa innmarksbeite, 53 daa produktiv skog og 30 daa

utmark. På garden finn vi den mest moderne driftsbygningen for sauedrift i området. Den er frå 2012, er på 390 kvm med plass til 220 vinterfora sauer og to stallboksar for hestar.

Hovudhuset på garden vart bygt i 1980, og har sidan vorte pussa opp. Hovudetasjen vart totalrenovert i 2011, og det framstår som ein moderne einebustad. Like ved huset er det garasje. Det er også kårhus på garden. Dette er frå 1914 og kan brukast til utleige. Utleigemulighet er det også på leiligheta i det store reiskapshuset. Denne leilegheta var ferdigstilt i 2013. På garden er det i tillegg eit eldre eldhus.

Til eigedommen er det også nausttomt i Beinavikjo og partar(1/6) i to stølshus på Vatnastøl.

Det vert visning lørdag 16.mars kl.13-14. Mange fine bilete, videoar og ytterlegare opplysningar om eigedommen finn de [HER](#)

For ordens skuld føyer vi til at sidan redaktøren er far til seljaren, har han ikkje skrive om denne saka.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland